



Rogaland fylkeskommune
v/prosjektleder John Jastrøy
Postboks 130

4001 STAVANGER

Dato: 27.10.2011

Vår ref.: 07/992-28/K1-123//BVG

Saksbeh. e-post:
bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Høringsuttale: Fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei

Kommunestyret behandla saka i møtet den 25.oktober 2011, og følgjande vedtak blei gjort:

1. Forsand kommune fremmar med dette sterk motstand mot planforslaget og foreslår at synspunkt frå Forsand kommune, som og er levert gjennom heila planprosessen, skal tas omsyn til.
2. Forsand kommune støttar opp om planforslaget sin avgrensning for "Hensynssone Nasjonalt Villreinområde, NVO". grensa fylgjer fjellbrynet i Espedalen
3. Forsand kommune meiner at "Hensynssone villrein" innafor kommune sine grenser skal omvandlast til "Hensynssone bygdeutvikling". (Sjå vedlagt kart omr 4 og 5!)
4. Forsand kommune peikar på at del av kartgrunnlag fortsett er feil.
5. Forsand kommune peikar på at i 3 område innafor verna område (Øvre Espedalsstølen (kart omr 1), Røssdalen (kart omr 2) og Lysedalen (kart omr 3)), er det opna for spesielle omsyn til menneskeleg aktivitet i tidligare vedtatt forvaltningsplan. Dette må og i framtida ha fortrinn framfor villreinen sine interesser.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær

Kopi til:
Børje Svensson



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
061/11	Kommunestyret	25.10.2011

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-123	Børje Svensson	07/992 - 25 11/6930

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.10.2011	S36C-111101708500.pdf	54702

Høringsuttale: Fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei

Rådmannen sitt framlegg til uttale:

1. Forsand kommune fremmar med dette sterke innsigelser mot planforslaget og foreslår at synspunkt frå Forsand kommune, som og er levert gjennom heila planprosessen, skal tas omsyn til.
2. Forsand kommune støttar opp om planforslaget sin grensedraging for "Hensynssone Nasjonalt Villreinområde, NVO" i den del det dekker del av Forsand kommune.
3. Forsand kommune meiner at "Hensynssone villrein" innafor kommune sine grenser skal omvandlast til "Hensynssone bygdeutvikling". (Sjå vedlagt kart omr 4 og 5!)
4. Forsand kommune peikar på at del av kartgrunnlag fortsett er feil.
5. Forsand kommune peikar på at i 3 område innafor verna område (Øvre Espedalsstølen (kart omr 1), Røssdalen (kart omr 2) og Lysedalen (kart omr 3)), er det opna for spesielle omsyn til menneskeleg aktivitet i tidligare vedtatt forvaltningsplan. Dette må og i framtida ha fortrinn framfor villreinen sine interesser.

Behandling i Kommunestyret 25.10.2011

Jon Fløysvik sette på vegne av Krf. fram følgjande endringsforslag til følgjande punkter:

1. Forsand kommune fremmar med dette sterk motstand mot planforslaget og foreslår at synspunkt frå Forsand kommune, som og er levert gjennom heile planprosessen, skal tas omsyn til.
2. Forsand kommune støttar opp om planforslaget sin avgrensning for "Hensynssone Nasjonalt Villreinområde, NVO", grensa fylgjer fjellbrynet i Espedalen

Ved avrøysting røysta ein punktvis:

Punkt 1 – framlegget frå Krf blei samrøystes vedtatt,

Punkt 2 – framlegget frå Krf blei samrøystes vedtatt

Punkt 3,4,5 - samrøystes

KS-061/11 Vedtak:

6. Forsand kommune fremmar med dette sterk motstand mot planforslaget og foreslår at synspunkt frå Forsand kommune, som og er levert gjennom heila planprosessen, skal tas omsyn til.
7. Forsand kommune støttar opp om planforslaget sin avgrensning for "Hensynssone Nasjonalt Villreinområde, NVO" . grensa fylgjer fjellbrynet i Espedalen
8. Forsand kommune meiner at "Hensynssone villrein" innafor kommune sine grenser skal omvandlast til "Hensynssone bygdeutvikling". (Sjå vedlagt kart omr 4 og 5!)
9. Forsand kommune peikar på at del av kartgrunnlag fortsett er feil.
10. Forsand kommune peikar på at i 3 område innafor verna område (Øvre Espedalsstølen (kart omr 1), Røssdalen (kart omr 2) og Lysedalen (kart omr 3)), er det opna for spesielle omsyn til menneskeleg aktivitet i tidligare vedtatt forvaltningsplan. Dette må og i framtida ha fortrinn framfor villreinen sine interesser.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	02.12.2007	Aust- Agder Fylkeskommune v/ Ola Olsbu	Informasjon vedr. start av- Fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
2	I	21.02.2008	Aust-Agder Fylkeskommune	Fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
3	I	27.02.2008	Vest-Agder Fylkeskommune	Fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, oppstart av planarbeid
4	I	29.04.2008	Telemark Fylkeskommune	Melding om oppstart av planarbeid
5	I	21.05.2008	Regionalutviklingsavd Fylkesmannen i Rogaland	Revisjon av Fylkesdelplan for SRV - oppnemning av representantar til styringsgruppe
6	I	11.08.2008	Eli Viten / Rogaland Fylkeskommuner	Diverse e-postar.
7	I	08.09.2008	Aust-Agder Fylkeskommune	Møteprotokoll frå møte i styringsgruppa for utarbeiding av planprogram.
9	I	15.10.2008	Regionalutviklingsavd Fylkesmannen i Rogaland	Invitasjon til drøftingsmøte.fylkesdelsplan for bruk og vern av setesdal vesthei Ryfylkeheiane og
8	I	15.10.2008	Styringsgruppa	Protokoll frå styringsgruppa 2 sept 2008 Fylkesdelplan Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
10	I	23.11.2008	Telemark Fylkeskommune	Innkalling til styringsgruppemøte, fylkesdelplan for setesdal austhei og setesdal vesthei ryfylkeheiane.
11	I	10.06.2009	Regionalutviklingsavd Fylkesrådmannen i Rogaland	Fylkesdelsplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei - økonomi og finansiering
12	I	08.09.2009	v/John Jastrey Rogaland Fylkeskommune	Til styringsgruppa- arbeidet med regional plan for heiområdene
13	I	01.10.2009	v/John Jastrey Rogaland Fylkeskommune	Melding om oppstart av planarbeid, høyring av planprogram og invitasjon til informasjonsmøte
14	I	06.10.2009	v/John Jastrey Rogaland Fylkeskommune	Ang. høring av planprogram for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
15	I	10.08.2010	John Jastrey	Utsending av materiale til lokale prosesser i Heiplanen
17	I	21.10.2010	fargemaskin@forsand.komm une.no,	Message from 36C-1
16	U	21.10.2010	v/John Jastrey Rogaland Fylkeskommune	Heiplanen lokale prosessar hausten 2010
21	U	10.03.2011	v/John Jastrey Rogaland Fylkeskommune	Heiplanen - Fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
22	I	14.03.2011	Gluva Morten	Oppnevning av verneområdestyre for

				Setesdal-Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, m.m.
26	I	18.03.2011	John Jastrey	SV: Spørsmål:
23	I	29.03.2011	Fylkesmannen i Vest Agder	Oversending av møteprotokoll
24	I	07.09.2011	Regionalutviklingsavd Fylkesrådmannen i Rogaland	Høyring, regionalplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei
27	I	17.10.2011	BSV	Heioplanen sid 2-20 + kart

Fakta:

• Historikk

- 29.10.01 Forsand kommune skriver uttale til forslag til verneplan for Frafjordheiane etter lokal høyringsrunde.
- 2003 Forskrift om verneplan for Frafjordheiane LVO blir vedtatt.
- 2005 Fylkesdelplan for Setesdal-, Vesthei-Ryfylkeheiane blir vedtatt.
- 12.04.07 Miljøverndepartementet gir i oppdrag å utarbeida regionale planar for ei heilskapleg forvaltning av fjellområde som er spesielt viktige for villreinen sin framtid i Noreg.
- 27.03.08 Møte med Norsk Villreinsenter i Forsand. Presentasjon av kart ”villreinenens potensielle leveområde”.
- 18.02.10 Prosjektlear inviterar til arbeidsmøte om Heioplanen i Forsand. Deltaking frå grunneigarar og politikarar.
- apr.2010 Fylkestingen vedtar planprogram for ”Heioplanen”
- okt.2010 Forsand kommune gjennomfør forankringsprosess ved grunneigarmøter i Øvre Espedal og Lysebotn.
- 21.10.10 Forsand kommune, Seksjon Teknisk sender inn rapport ”Heioplanen – lokale prosessar hausten 2010”.
- 02.02.11 Arbeidsutkast Heioplanen blir utsendt.
- 04.03.11 Fylkesmøte om arbeidsutkast til planforslag i Forsand kommunehus: Kommuneadministrasjonen presenterar innsigelser mot bl.a. grensdragning i planforslaget. Kommunen visar og til alvorlege feil i kartgrunnlaget for planen.
- 10.03.11 Fjellstyre-, Vilt- og innlandsfisknemnda i Forsand kommune behandlar planforslag Heioplanen og sender uttale til prosjektleiaren.
- 18.03.11 Prosjektlear John Jastre sender e-postmelding til Forsand kommune og prøvar å forklara kvifor det ikkje er tatt omsyn til tidligare innspel frå Forsand kommune og grunneigarrapport i planprosessen.

• Villreinobservasjonar i Forsand kommune

Fram til 1980-talet blei det observert villreinflokkar i Forsand kommune. Etter dette er det bare observert små grupper av hanndyr. I dei siste 5-6 år er det bare observert nokon få streifdyr.

Det er konkludert med at omfattande villreinjakt i andre delar av heiområdet i kombinasjon med auka tilrettelegging for turgåing og fotturisme har medført at villreinen held seg vekke frå kommunen sine fjellområde.

Turisthytter, laushundar og aukande bruk av helikopter er andre faktorar som fører til minka trekk av villrein.

• Naturressursar i Forsand kommune

Forsand kommune har nest lågast folketal bland kommunane innafor planområdet og forholdsvis stort fjellareal. Fjellarealet i Forsand manglar i stort upåverka INON-områder og er rikt på kulturminne og spor etter meskeleg aktivitet frå steinalder og framover.

Forsand kommune er i veldig stor grad dekket av forskjellige verneformål.

Fjellheimen i Forsand er forholdsvis lite ekspløatert for hyttebygging og motorisert ferdsel. Til dels er kommunen sterkt ekspløatert for masseturisme (Preikestolen, Lysefjorden og Kjerag).

Notera at kommunen tidligare har peika på feil i kart over stinettssystem i området. Dette har nå ført til at delar av stinettet i kommunen er sletta i kartgrunnlaget som då gir eit til dels feil inntrykk av ekspløateringsgraden.

Landbruk, jakt og fiske er viktig næringsgrunnlag i Forsand med 14 % av totale årsverk i kommunen. Jordbruksarealet er i stort sett avgrensa til den vestlige kommunedel pluss ådalane Espedalen og Lysedal. Grunna av manglande areal er bruken av fjellområde som sommararbeite viktig for dei fleste gardsbruka. I dette område av bratte og steinete lier er det stort behov for motorisert ferdsel og sankehytter for å klara beitedrift på ei rasjonelle måte. Fortsett intensivt beitebruk i heiområda er og ei grunnføresetnad for å holda tilbake den igjengroing som er resultat av bl.a. klimaendringar.

Vannkraftsressursen i kommunen er til største del ferdig utvikla for storskala produksjon av el (Lyse Kraft AS og Sira-Kvina Kraft AS). Men det gjenstår store moglegheita for eksploatering av småkraftsanlegg i kommunen. Observera at kart over potensiale for små kraftverk i plangrunnlaget fortsett er svært mangelfullt for Forsand kommune. Her er ei stor kvilande potensiale for vindkraftutbygging i Forsand kommune sine lågare fjellområder.

• **Arealplanlegging i Forsand kommune**

Dei fjellområder i Forsand kommune som ligger innafor planavgrensinga er i stort sett bare avsett som LNF-område i gjeldande kommuneplan. I nokre få områder er det opna for spreidd hyttebygging.

I øvrig er det naudsynt å ta omsyn om differentiært tilrettelegging for friluftsliv, idrett, natur og kultur i samsvar med kommunedelplan, den s.k. FINK-planen.

Dette medfører at nye tiltak i den største arealdelen av kommunen må dispensasjonsbehandlast før vedtak.

I kommunens vidare arealplanlegging må arealformål, plangrenser, bestemmelser og retningslinjer tilpassas i kommuneplanens arealdel, der dette ikkje allerede er gjort. Prioriteringar av villreinens interesser er gitt gjennom planløsningen og retningslinjene. Intressekonflikter i forhold til villrein, landbruk, naturvern, kulturvern, biologisk mangfald, friluftsliv og landskap skal likevel avklares gjennom konsekvensutredningar i samsvar med plan- og bygningsloven på relevant nivå.

Lover, forskrifter og gjeldande planar

Føreliggande forslag til Regionalplan "Heioplanen" er utarbeida i samsvar med Plan- og Byggløva, PBL § 8.3.

I regionalplan kan i følge PBL § 11.8 etableras hensynssoner og randsoner med tilhøyrande bestemmelser for å hindra vesentleg forringelse av verneverdiane i verneområdet.

Heioplanen gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av planområdet. Retningslinjene og tilpassede arealformål skal innarbeidas i kommuneplanene. Heioplanen gir også rammer for saksbehandling av eventuelle dispensasjonssøknader.

I Forsand legger planforslaget til rette for etablering av følgjande 3 hensynssoner:

- Nasjonalt villreinområde (NVO): Dette er i stort sett samanfallande med tidligare etablert landskapsverneområde med tillegg for areal på begge sider om Lysestølen.
- Hensynssone villrein: Dette er store heiområde både sør og nord for Lysefjorden (Oaland-Fossmark, Flørlivassdraget, Tjodanvassdraget, området frå Longavatnet Naturrestat til Lyngsvatnet og vidare inn til og med Lysestølen.
- Hensynssone bygdeutvikling: Dette er små område i Kallali/Flørli, Lysebotn/Lysedal og Songesand/Daladalen/Håheller/Fylgjesdalen.

Konsekvens for framtidig samfunnsutvikling

- Nasjonalt villreinområde (NVO)

Hensynet til vern av villreinen sine interesser blir forsterka i dette område. Villreinen vill alltid ha fortrinn.

I konsekvens av denne bannlegging blir det hardare krav til kommunale sti- og løypeplanar, rekkefølgekrev for hytte- og reiselivsområde, plan for motorferdsel med gradvis overgang frå enkeltkjøring og til utvikling av næringskjøring m.m.

Kommentar: Forsand kommune er klar til å akseptera denne grensedraging.

Men i tre små område, Øvre Espedalsstølen (kart omr 1), Røssdalen (kart omr 2) og Lysedalen (kart omr 3) er det opna for spesielle omsyn til menneskeleg aktivitet i tidligare vedtatt forvaltningsplan. Dette må og i framtida ha fortrinn framfor villreinen sine interesser.

- Hensynssone villrein

I denne hensynssonen er det viktige leveområder for villrein. Her gjelder i stor grad de same retningslinjene som i NVO, men det kan likevel tillates noe meir aktivitet. I denne hensynssonen kan kanaliseringstiltak for friluftsliv legges.

I denne sonen kan det opnas for spredt bustad- fritids- eller næringsbebyggelse ved normal kommunplanprosess med konsekvensutgreiing. *Dersom retningslinjer for arealbruk i den regionale planen fravikes vesentlig i kommunale planer gir dette grunnlag for innsigelse frå berørte myndigheter.*

Kommentar: Forsand kommune er heilt ueinig med planforslaget. I denne hensynssonen er me ikkje kjent med leveområde for villrein i moderne tid, ikkje ens ved ekstreme vinterforhold.

Forsand kommune forvaltar store arealressurs på ei klart desentralisert måte.

I konsekvens av vedtatt regionalplan kan det forventas at administrasjonen får ei stor utfordring med å få til planeringsgrunnlag som og i framtida mogleggjer bruk og utvikling av slikt desentralisert ressursgrunnlag. Dette kan i grunnen forandra moglegheita for fortsett spreidd busetnad og spreidd næringsverksemd i kommunen. (kart omr 4)

- Hensynssone bygdeutvikling

Villreinens interesser er avklart i denne sonen ved at heiplanen vedtas og gjennomføres. Gjeldande planstatus er styrande for vidare utvikling inntil nye planar føreligger. Her prioriterast planar og tiltak som fremmar ei berekraftig bygdeutvikling.

Kommentar: I heila det område som ligger utanfor verna område i Forsand kommune er stor men spreidd aktivitet av mangfaldig slag. Der er beitebruk, stølsliv, hyttebruk, kraftverksemd, kraftlinjetilsyn, motorferdsel, jakt, fiske, turgåing, turisme, eventyrssport, øvingsverksemd for reddningstjeneste, skuleturar, bær og sopphenting, filmproduksjon m.m.

I dette område er stor moglegheit for utbygging av småkraft som ei viktig tilleggsinntekt på små gardsbruk.

Dette er ei brukbar randsone for Forsand kommune. Hensynssone villrein bør overførast til denne sonen innafor Forsand kommune sine grenser. (kart omr 5)

Alternative løysingar

Om føreliggande planforslag fullførast utan endring for Forsand kommune sin del, fører dette til:

- a) Auka krav på administrativ kapasitet og kompetanse for å få til ei målretta planprosess som og i framtida gjer det mogleg for desentralisert og berekraftig bygdeutvikling.
- b) Auka konfliktnivå mellom bannlagde areal og underdimensjonerte areal for bygdeutvikling.
- c) Minkande akseptanse for og auka folklig motstand mot offentlege planprosessar og i dette fall for villreinens behov.
- d) Kommunen går miste av stor potensiale for utbygging av småkraft.
- e) Kommunen går miste av stor potensiale for utvikling av reiseliv og turisme med bas i naturressursgrunnlaget.
- f) Minkande interesse for bruk av beiteressursen i heia for utvikling av berekraftig landbruk, og dermed aukande risiko for igjengroing.

Vurdering og konklusjon

Forsand kommune er i grunnen einig med hovudmålet for heiplanen:

Det skal fastsettes en klar grense for et nasjonalt villreinområde (NVO) som ivaretar villreinens arealbruk til ulike årstider.

Forsand kommune er klar å ta sin del av dette internasjonale verneformål.

Forsand kommune har heila vegen gjennom planprosessen deltatt aktivt og jobba med forankringsarbeid og administrativ bearbeiding av ei stor mengde gode synspunkt. Kommunen er kritisk til at det i planprosessen ikkje har vert muleg å få gehør for gode innspel både frå grunneigarar og frå politisk nivå.

Forsand kommune har vurdert konsekvensar av liggjande planforslag og finner at det til stor del fører til bannlegging og avgrensing av utviklingsmoglegheita i eit stort fjellområde der det ikkje er villrein i dag og der det ikkje er sannsynleg at det blir viktig villreintrekk eller beite i framtida. I tillegg er dette områder som verken i dag eller i framtida risikerar å bli overeksploaterte med tekniske inngrep av typ hyttefelt, vintersportsentra, turismeanlegg, sterkt trafikkerte vegar m.m.

Utanfor nasjonalt villreinområde (NVO) vill det vera LNF-område med avklart omsyn om villreinen sine interesser. Gjeldande kommuneplan og eventuelle reguleringsplanar legger fortsett grunn for avgrensingar og prioritering av arealbruken. I Forsand kan denne sone bli randzone til nasjonalt villreinområde (NVO) og der kan bygdeutvikling fortsett føra til ei berekraftig og ansvarsfull samfunnsutvikling.

Konklusjonen er difor at det er nok med 2 hensynssoner i Forsand kommune, d.v.s. Nasjonalt Villreinområde (NVO) og Hensynssone Bygdeutvikling.

Forsand, 14.10.2011

Terje Nysted
rådmann

